



Årsmelding 2011

Årsmøte for 2010 vart halde på Bryne Kro og Hotell fredag 4. mars 2011. Styret vart på dette møte bedne om å syta for betre oppdatering av heimesida, samt utgreia framtidig organisering av laget til neste årsmøte.

Heimesida

Norsk Jersey har sidan heimesida vert oppretta for fleire år sidan ikkje hatt eit tilfredstillande opplegg for oppdatering, sjølv om nokre periodar har vore betre enn andre. Vi har no skifta leverandør og program, og fått Lars Undheim til å stå for publisering. Det er framleis eit stykke att før me er der me bør være med dette arbeidet, me meiner likevel me er på rett veg. Styret beklagar at dette har teke lenger tid enn det skulle. Det viktige framover er at det vert produsert materiale til publisering, i fyrste rekkje fagstoff som er relevant for dei som driv med jersey.

Organisering

Som det vert nemnt på årsmøtet i fjor har styret arbeid med revidering av lover for laget. Dei fyrste lovane vart vedtekne i 1935. Sjølv om det fleire gonger er gjort mindre endringar, er både språk og innhald modne for ei større revidering. Det har vore naturleg for styret å sjå på spørsmålet om organisering i samband med revidering av lovane. Styret fremjar ikkje forslag om større endring i organisering, men ynskjer gjennom lovane å presisera kva som skal være laget sine oppgåver i framtida. Dette vil bli behandla som ei eiga sak i årsmøtet.

Sæd sal

Me har ikkje motteke statistikk frå Geno for tal fyrstegongs insemineringar med Jersey. Ut frå tala for totalt sal av sæd, har vi hatt ein liten auke det siste året. Ut frå den store interessa det har vore den siste tida er det ei utvikling me venter vil fortsetja.

Kjønnsseparert sæd

For å stimulera til auka bruk av kjønnsseparert sæd har styre vedteke å skriva ned prisen med kr 200,- per dose. Det er i 2011 seld meir enn 700 dosar kjønnsseparert jersey-sæd. Dette viser at tiltaket har hatt effekt og at ein betydeleg del av jerseykyrne vert inseminert

med kjønnsseparert sæd. Me trur likevel det er potensiale til endå større sal. Me voner at det på sikt vil føra til betre tilgang på livdyr, for å møta den auka etterspurnaden.

Avlsplanlegging

Norsk Jersey har hatt eit samarbeid med Viking Genetics i Danmark om avlsplanlegging. Systemet har vore litt tungvint, og det har ikkje vore særleg prioritert i Viking. Styre har vore i kontakt med Geno for å vurdere om det nye avlsprogrammet deira kan tilpassast Jersey, men ein er kome til at det vert for omfattande og kostbart. Me vil no fortsetja samarbeidet med Viking, og saman med Norsk Holstein utarbeida rutinar for å gjere dette meir effektivt.

Tørrstoffbetaling

Det har det siste året skjedd store endringar i tørrstoffbetalinga. Me har fått ein betydeleg reduksjon i proteinbetalinga, men den er meir enn oppvegen av auke i fett betaling. Jerseymjølka har aldri blitt betalt betre enn no. Samla tørrstoffbetaling er i samsvar med Tine sin grunnpris. Dersom tillegg og etterbetaling var knytt til den einskilde sin mjølkepris ville vi hatt ein rettferdig pris på mjølka. Når det gjeld etterbetaling ville det vore i samsvar med samvirkeloven som seier at overskot skal delast mellom medlemmane etter omsetning. Utviklinga i bruken av mjølka tilseier sterkt fokus på tørrstoff i framtida. Dette må føra til at jerseymjølka vert betalt etter det den er verdt.

Aktivitetar

Norsk Jersey har i 2011 delteke på husdyrutstilling på Varhaug og i Seljord, og begge stader vant ei av jerseykyrne til Marta og Kåre S Undheim prisen for beste ku. Takk til dei, og dei andre som møter med dyr på utstilling.

I oktober arrangerte me avlsmøte saman med Geno og Norsk Holstein. Olav Taksdal har vore på møte i Europeisk Jerseyforum i Frankrike. Me deltek også i ulike aktiviteter for barn og unge.

Styret siste året har vore:

Bjørn Lende formann, Per Ådne Skårland, Olav Taksdal, Rune Bauge, og Olav Rio Holstad

Vara Miriam Sør-Reime og John Tjåland